



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 15/770 - 18/16841

Saksbehandlar:  
Katrine Bjordal Midttun  
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:  
20.11.2018

## Byggesak Gbnr 79/21 Tjore Nedre - Tomannsbustad - forlenging mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 298/2018

**Administrativt vedtak. Saknr: 298/2018**

**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 25.08.2016, 27.01.2017 og 18.12.2017.. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

### 1. Vatn og avlaup:

Det må sendast inn dokumentasjon på tinglyst rett til tilknytning til privat stikkledning.

### 2. Avkjørsle:

Slik avkjørsel ligg i dag er den ikkje i tråd med løyve. Avkjørsel må enten endrast slik at den er i samsvar med situasjonsplan datert 25.07.2016, eller må det søkast om endring av tiltak før det kan gjevast ferdigattest.

### 3. Møteplass og steinfylling:

Det er etablert møteplass og steinfylling på gbnr. 79/102. Tiltaka er utført i samband med at det er tatt ut masser for å realisere tomannsbustaden på gnr. 79 bnr. 102. Tiltaka er søknadspliktig etter

plan – og bygningslova § 20-1. Tiltakshavar opplyser under tilsyn at tiltaka ikkje er søkt om. Det må sendast søknad om opparbeiding av møteplass og steinfylling til kommunen.

#### 4. Sti/gangveg:

I dispensasjonsløyve datert 20.09.2015 vart det stilt vilkår om at det må etablerast gangsti frem til gangbru før det vert gjeve ferdigattest. I situasjonsplan for gangsti datert 24.06.2015 er gangsti vist som ei stipla linje. Det er i dag etablert grusa gangveg i 4 meters breide. Tiltaket som er etablert er eit søknadspliktig tiltak etter pbl. § 20-1. Vidare krev tiltaket dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan.

#### 5. Sikring av skjeringar:

Det følgjer av TEK 10 § 8-3:

«Uteoppholdsareal skal utformes slik at fare for personer unngås. Lekearealer skal avskjermes mot trafikk. Nivåforskjeller skal sikres slik at fallskader forebygges.»

Uteoppholdsarealet skal sikrast slik at det er i tråd med krav til sikring i TEK 10 § 8-3 og pbl. § 23-5.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søker har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til 30.11.2019.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.11.2018.

#### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

#### Skildring

Adresse:	<b>Øvre Austmarka 10 A</b>
Bygningstiltak:	Tomannsbustad, vertikaldelt
Bygningsnummer:	300015013
Bruksareal:	159 m <sup>2</sup>
Avløp:	Offentleg avlaupstilknytning
Vatn:	Offentleg vassverktilknytning
Tal på røykløp:	1
Adresse:	<b>Øvre Austmarka B</b>

Bygningstiltak:	Tomannsbustad, vertikaldelt
Bygningsnummer:	300015023
Bruksareal:	159 m <sup>2</sup>
Avløp:	Offentleg avlaupstilknyting
Vatn:	Offentleg vassverktilknyting
Tal på røykløp:	1

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tomannsbustad på gnr. 79, bnr. 21 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket:
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.11.2019.

#### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyrast. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### 1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
5.1.1	Mellombels bruksløyve forlening	1	800,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>		<b>800,-</b>

Faktura vert sendt per post.

#### Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

***Klage:***

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun  
jurist byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Arkoconsult AS  
Bolig & Eiendom AS

Postboks 103 5291  
Stølen 26 5911

VALESTRANDSFOSEN  
ALVERSUND